



Økologisk landbruk og lykkelege dyr

Spør du deg sjølv om grisen som gav deg bacon til frukosten din, var glad? Ja, om han hadde eit godt liv før han blei slakta? Eller levde han trongt og dårleg i det vi kallar industrielt dyrehald? Skal oppdrett av dyr vere ein del av matindustrien der låg kostnad og høg inntekt er viktigast? Eller vil vi at dyra skal ha gode liv før dei endar på matbordet vårt?

Dei fleste av oss vil helst ha frukt og grønt som er dyrka utan for mykje giftige sprøytemiddel. Vi vil helst ha kyllingar som har hatt det bra i det vesle livet sitt, og sjølvsgatt egg frå høner som har gått fritt rundt. Dersom den norske bonden skal få til dette, så må han få betre betalt for jobben han gjer.